



SOGN OG FJORDANE FYLKESKOMMUNE

SENTRALADMINISTRASJONEN

Regionalavdelinga/Plan- og utviklingsseksjonen

Årdal kommune
Kommunalteknikk

6885 ÅRDALSTANGEN

ÅRDAL Sentraladministrasjonen		
Dok.nr:		
K-kode		
UO	27 MARS 2002	Tillegg
Avgr.kode	Filg.gruppe	Saksnr.
Kopi		

Sakshandsamar: Bjørn Falck Russenes tlf.dir.: 57 65 62 53 E.post: bjorn.falck.russenes@sf-f.kommune.no

Arkivkode

K55

Vår ref.

Arkivsnr.: 02/01425

L.nr: 005946/02

Dykkar ref.

J.R. Dalheim

Dato

25.03.2002

ÅRDAL KOMMUNE - HANSESKREDA OG VESTEIGANE - ØVRE ÅRDAL

I samband med vind og stort og tungt snøfall, blei det registrert fleire store snøskred i Årdal i dagane fram mot helga 9.-10. mars. Det var skreder som ikkje gjekk årleg og som fleire stader nådde ned mot bustadområde.

Hanseskreda losna laurdag 9. mars. To våtsnøskred nådde begge ned mot sikringsvollen ved Vesteigane. Vollen blei fyllt opp med snømassar langt ned mot avkøyrsla for Vesvegen.

Slik tilhøva var, ba kommunen om ei synfaring av området, særskilt med tanke på å vurdere faren for nye skred og derved moglege evakuering frå bustadene i nærområdet.

Synfaring blei så gjort mandag 11. mars, med representantar frå kommunen.

HANSESKREDA

Vesteigene blei lagt ut til privat regulert bustadområde med to husrekker i 1999. Det blei då frå vår side peikt på behovet for betre sikring mot Hanseskreda. Noko som blei gjort, jfr, plandokument utarbeidd av ISIS. Det blei frå vår side peikt på behovet for høgare sikringsvoll (10 meter) og brattare oppstrøms (mot fjellet) sikringsvoll, samstundes som volumet inne i vollen, minst blei oppretthalde. Så langt vi veit, er dette gjennomført.

Under synfaringa 11. mars, var vollen ved Hanseskreda fyllt opp til randen i midtre del. Like etter skreda, blei det rapportert om at det var danna seg ei haug av snøskredmassar i midtre del av vollen. Mandag var noko av snømassene sege saman., slik at det i prinsippet var laga rom for eit nytt våtsnøskred i Hanseskreda.

På mange måter kan ein sei at sikringsvollen ved Vesteigane er blitt testa i høve store våtsnøskred. Det kan sjå ut som om vollen har fungert etter hensikten. Lange perioder med repiterande våtsnøskreder vil likevel måtte bli ei utfordring.

Postadresse: Askedalen 2, 6863 LEIKANGER

Besøksadresse: Fylkeshuset


Bankgiro: 3781.07.00050

Telefon: 57 65 61 00 Telefaks: 57 65 61 01

Org.nr.: 941 388 841

E.post: postmottak.sentraladm@sf-f.kommune.no

Internettadr.: <http://www.sf-f.kommune.no>



Støttestedpunkt mellom Hanseskreda og sikringsvollen for Vesteigane, er vurdert å vera det mest kritiske med omsyn til styring av snøskreda. Synfaringa viste at det ikkje var store tendensar til oppstuvning eller overskulp av skredmateriale mot vollen. Tvert imot, så det ut som om skreda sklei til side her, og følgte sikringsvollen ned langsmed fjellfoten i retning avkøyrsla for Vesvegen frå R.v. 53.

Det så også ut som om det var rom for meir skredmateriale ned i bassenget bak vollen. Konkret der og då, blei faren for nye våtsnøskred vurdert å vera liten. I allefall vurderte ein det slik at mogelege nye våtsnøskred, ville bli fanga opp av vollkanten. Noko snøskvett utover vollen ville også kunne tålast.

Det er likevel grunn til å vurdere om det på sikt kan vera aktuelt å sjå på ei forsterking av sikringsvollen. Det gjeld særskilt i det område der Hanseskreda møter sikringsvollen.

Med helsing



Bjørn Falck Russenes
fylkesgeolog